

Kontrollutvalet

SEKOM-sekretariat

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
19/19	Styret for SEKOM-sekretariat	12.09.2019

Arkiv	Sakshandsamar	
FE-146	Arnar Helgheim	

Forretningsplan SEKOM sekretariat

Tilråding frå dagleg leiar:

1. SEKOM-sekretariat arbeider vidare med organisering av selskapet med mål om å ivareta kontroll- og tilsynsmiljøet i vårt område.
2. Selskapet bør ha minimum 2 tilsette for å sikre fagleg breidde og leveringssikkerheit.
3. Framtidig organisering må sikre minst like gode tenester til eigarkommunane med tilsvarande økonomiske rårer som tidlegare.
4. Prioritering i det vidare arbeidet:
 - a. Sekretariattenster til fleire enn noverande eigarar
 - b. Utleige av arbeidskraft
 - c. Andre tenester

12.09.2019 Styret for SEKOM-sekretariat

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

STY-19/19 Vedtak:

1. SEKOM-sekretariat arbeider vidare med organisering av selskapet med mål om å ivareta kontroll- og tilsynsmiljøet i vårt område.
2. Selskapet bør ha minimum 2 tilsette for å sikre fagleg breidde og leveringssikkerheit.
3. Framtidig organisering må sikre minst like gode tenester til eigarkommunane med tilsvarande økonomiske rårer som tidlegare.
4. Prioritering i det vidare arbeidet:
 - a. Sekretariattenster til fleire enn noverande eigarar
 - b. Utleige av arbeidskraft
 - c. Andre tenester

Saksutgreiing:

Frå vedtak i styremøte 18.6.19, sak 13/19:

4. Med bakgrunn i drøftingane på styremøte vert det bedt om å få framlagt sak på neste styremøte om «forretningsplan» for SEKOM-sekretariat, med sikte på å tilpasse arbeidsoppgåver til bemanninga.

Med bakgrunn i vedtaket ovanfor, har vi arbeidd vidare med å tilpasse SEKOM til endra eigarsamansetjing og inntektsgrunnlag.

Eit alternativ har vore å finne andre / tilstøytande tenester som kan erstatte bortfall av kommunar. Pr i dag, kan vi ikkje peike på nokon slike tenester som vi ser aktuelle på kort sikt. Så lenge vi greier å halde på 2 tilsette, meiner eg vi har eit godt grunnlag for å tilby sekretariatstenester til fleire enn dei kommunane som er med frå 1.1.20.

Dagleg leiar og styreleiar har hatt møte med Sunnfjord kommune som både er kontorkommune og den største eigaren. Vi har mellom anna drøfta om det er mogeleg å leige vekk arbeidskraft tilsvarande ca 40% stilling. Dette er ikkje avklara, og det er såleis heller ikkje avklara korleis dette eventuelt kan organiserast i praksis.

For å sikre tenestene og fagleg breidde, er det viktig med minst 2 tilsette i selskapet. Det er ei svekking om den eine ikkje lenger arbeider full tid i selskapet. Ei slik ordning vil likevel ivareta sikker levering ved at det framleis er 2 tilsette som gjensidig kan avløyse kvarandre.

Sekretariatstenester til andre

- Delta ved konkurransar så langt reglane om utvida eigenregi tillet. Nokre klipp frå KS Bedrift om utvida eigenregi.

Med "utvidet egenregi" tenker man normalt på situasjonen der leverandøren er kontrollert av oppdragsgiver. EU-direktivene på dette området innfører i midlertid en konserntankegang, som innebærer at unntaket kan brukes ved tildelinger av kontrakt mellom virksomheter i samme konsern – uavhengig av hvem som kontrollerer hvem. Dette er fulgt opp i anskaffelsesforskriften § 3-1 tredje ledd.

.....

Videre kreves det at tilbyder utfører mer enn 80 % av sin aktivitet for oppdragsgiver eller andre rettssubjekter som oppdragsgiver kontrollerer. Altså at tilbyderen primært tjener oppdragsgivers behov, og ikke andres.

- Tilbyr deltaking i SEKOM-sekretariat til kommunar som ikkje er med pr 1.1.20.

Jf framlegg til samarbeidsavtale pkt 13:

Styret kan tilrå opptak av nye deltakarkommunar i samarbeidet. Ved opptak av nye deltakarkommunar skal samarbeidsavtala justerast i tråd med endringa.

Dagleg leiar meiner den beste utviklinga er om SEKOM greier å auke tal kommunar slik at vi minimum har dekning for 2 tilsette i heile stillingar. Eg ser det likevel ikkje som realistisk at dette kan oppnåast allereie frå 2020.

Utleige av arbeidskraft

Eit alternativ kan vere å leige ut arbeidskraft til dømes til kommunar. På grunn av habilitet,

må det i praksis løysast ved at rådgjevar vert leigd ut, og dagleg leiar må vere sekretær for kontrollutvalet i den / dei aktuelle kommunane.

Etter dagleg leiar si meining, er ikkje utleige av arbeidskraft ei ideell løysing. På kort sikt, kan det likevel vere ei realistisk løysing. Ei slik løysing vil sikre at selskapet har 2 tilsette, og den «kjøper» tid til å finne andre løysingar.

Andre tenester

- Ser ikkje realistiske alternativ på kort sikt.